

Vakker påskedag i fjellet.

23.03.2016



Eit vakker syn på Vatnastølsvatn og i Botnane i dag

Dagen i dag, onsdag, er truleg den beste påskedagen vermessig. Det er rett nok langt mindre snø ved Mannsvatn og Vatnastøl i år enn det var i fjor på same tid. På fjellvegen opp lia på Haugland kan ein ta seg fram med bil til plassen der det før var kjetting. I neste sving er det nok snø for å ta på skia. Med feller går turen raskt mot toppen.



Ingraving til Myklebustselet på Vatnastøl

Turen er fin innover Hauglandsfjellet mot Tverrfjell og Gråfjell. Nedkøringa i Botnane går fint, om ikkje det er skare og hardt føre.

I dag nytta mange dagen til tur på fjellet, til Vatnastøl og for nokre, til Kvilekvål med vakker utsyn mot Omvikdalen, Seimsfoss og Rosendal.

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland